

# ALDERSPENSJON ETTER REFORMA – NÅR KJEM INNSPARINGA?

Av Oddbjørn Haga

## Samandrag

*Pensjonsreforma har som føremål å gjera alderspensjonen økonomisk berekraftig i framtida. Innføring av levealdersjustering og nye reglar for indeksering av pensjonen vil føra til at dei årlege utgiftene etter kvart blir lågare enn dei ville blitt med det gamle regelverket.*

*Fleksibel pensjonsalder innanfor aldersspennet 62–75 år gjer likevel at utgiftene til alderspensjon blir høgare dei første åra. Det kjem av at fem fleire årskull kunne ta ut pensjon frå 2011, og at svært mange så langt har gjort dette. Innsparingselementa får på si side liten verknad i byrjinga, men aukar for kvart år.*

*Vi har talfesta at meirutgiftene til folketrygdas alderspensjon, samanlikna med om pensjonsreforma ikkje hadde blitt innført, blir på det høgaste i 2014 og 2015 med om lag 10 milliardar kroner. Deretter minkar dei år for år, og vi reknar med innsparing rundt 2020.*

*Dei samla meirutgiftene i åra 2011 til 2020 kan bli på om lag 60 milliardar kroner. Ein gong mellom 2025 og 2030 vil vi ha teke att desse meirutgiftene.*

## Innleiing

I 2001 blei det sett ned eit utval til å greia ut nytt regelverk for alderspensjonen i folketrygda. Bakgrunnen var ei aukande forståing av at pensjonssystemet ikkje var berekraftig på lang sikt. Utvalet la fram sitt forslag til ny alderspensjon i 2004 (NOU 2004:1). Etter politisk handsaming under skiftande regjeringar, og eit breitt forlik i Stortinget, blei lova om ny alderspensjon vedteken i 2009 og innført med verknad frå 1.1.2011. Løysinga inneheld både innsparingselement og insentiv for lengre yrkeskarrierar (sjå faktaboks i vedlegg for eit oversyn over dei viktigaste delane av reformen).

I det gamle regelverket var pensjonsalderen 67 år, medan øvre alder for å tene opp pensjon var 69 år<sup>1</sup>. I nytt regelverk blei fleksibel pensjonsalder i aldersspennet 62–75 år innført. Samstundes blei pensjonen levealdersjustert. Det årlege pensjonsbeløpet blir høgare di lenger ein ventar med å ta ut pensjonen. Forventa samla pensjon resten av levetida skal vera den same uavhengig av ved kva alder ein startar uttaket (under visse føresetnader, sjå Lien 2012).

Fem nye årskull fekk høve til å ta ut pensjon frå 2011. Det var venta at dette ville føra til meirutgifter dei første åra, sidan innsparingselementa (levealdersjustering og ny indeksering) får liten verknad dei første åra. Talet på pensjonistar under 67 år, og dermed meirutgiftene, blei likevel langt høgare enn venta i analyser som blei gjennomført i forkant av reforma (Fredriksen m.fl. 2008, Lien 2009). I statsbudsjettet for 2011 blei det lagt til grunn at meirutgiftene som følgje av reforma ville bli om lag 1,3 milliardar kroner i 2011 (Arbeidsdepartementet 2010), medan dei faktiske meirutgiftene kom på over 5 milliardar kroner.

Vi vil i denne artikkelen freista talfesta korleis utgiftsendingane til alderspensjonen som følgje av pensjonsreforma kan bli dei neste femten åra. Det er berre utgiftene til alderspensjon i folketrygda vi reknar på her. Pensjonsreforma har også verknad på andre pensjonsordningar og trygdeordningar. Dessutan har reforma ført til auka yrkesaktivitet, særleg i alder 62–66 år

(Amundsen m.fl. 2014), noko som har ført til høgare skatteinnkomer.

## Metode

### Uvisse

Prognosar er ikkje sikre. Den største uvissa her er talet på pensjonistar i alder 62–66 år. Vi har difor laga alternative utviklingsbanar med ulike føresetnader for dette (sjå faktaboks for ein nærare presentasjon av modellen vi har nytta for framskriving av talet på pensjonistar 62–66 år).

Det er langt mindre rom for variasjon i talet på pensjonistar over 67 år: Om lag 35 prosent har uførepensjon ved 66 år og får difor overgang til alderspensjon ved 67 år. Knapt 40 prosent tar ut alderspensjon før fylte 67 år. Om lag 10 prosent tar ut AFP i offentleg sektor, og har då òg overgang til alderspensjon ved 67 år. Dette er til saman omlag 85 prosent av eit alderskull. Det er då 15 prosent att, knapt 10 000, som kan ta ut pensjon seinare enn ved 67 år. Dersom desse i gjennomsnitt tar ut pensjon eitt år seinare enn dei elles ville gjort, får vi ein innsparing på om lag 2 milliardar kroner.

Vi nyttar Statistisk sentralbyrå si siste folketalsframskriving, mellomalternativet (Tønnessen mfl. 2014). Det er ei betydeleg uvisse her også, men sidan vi fokuserer på meir- eller mindreutgifter som følgje av reforma, og ikkje utgiftene totalt, kan vi sjå bort frå denne uvissa.

Vi har laga *fem* alternativ. I hovudbana går vi ut frå at overgangsprosentane for menn er faste i alle år, mens overgangsprosenten for kvinner i alder 62 år aukar med ei prosentening per år for 62-åringar. Grunnen til dette er at kvinner hittil har hatt ein større prosentvis auke i overgangsprosentane enn menn.

.....  
<sup>1</sup> For aldersgruppa 67–69 år vart rettnok pensjonen avkorta mot arbeidsinntekt, før denne ordninga gradvis vart avskaffa i perioden 2008–2010.  
.....

### Modell for framskriving av talet på pensjonistar 62–66 år.

Talet på personar som kan ta ut alderspension i folketrygda blir sett lik folketalet fråtrekt dei som har ei av trygdeytningane uførepensjon (meir enn 80 prosent), attlevandepensjon eller avtalefesta pensjon etter gammalt regelverk. Dette talet blir så multiplisert med prosentdelen som oppfyller oppteningskravet.

Prognosen for talet på pensjonistar blir rekna ut ved formlane:

$$AP_{62,y} = OV_{62,y} * OP_{62,y}$$

$$AP_{x,y} = AP_{x-1,y-1} + (OV_{x,y} - AP_{x-1,y-1}) * OP_{x,y}$$

for x=63–66 år og der y=2015 og framover

$AP_{x,y}$  er talet på pensjonistar med alder x i år y,  $OV_{x,y}$  er talet på dei som kan ta ut pensjon (og enno ikkje har gjort det) ved alder x i år y, og  $OP_{x,y}$  er overgangsprosenten for alder x i år y. Dødsprosentar er implisitt tekne omsyn til ved utrekning av overgangsprosentane. Eksempel på bruk av modellen framgår i tabell 1.


**Tabell 1.** Framskriving av talet på alderspensjonistar i alder 62–66 år

	Alderspensionistar, utgangen av 2014	Tal på personer som oppfyller vilkåra i 2015	Overgangs prosent 2015	Alderspensionistar, utgangen av 2015
Kvinner				
62	3 320	12 713	28,4	3 607
63	4 148	12 251	15,6	4 716
64	4 554	10 628	12,9	4 984
65	4 833	9 705	15,7	5 363
66	3 734	9 027	13,9	5 416
Menn				
62	10 137	19 467	52,2	10 159
63	12 271	20 038	28,1	12 917
64	13 166	18 516	18,5	13 426
65	13 828	17 510	22,9	14 163
66	11 032	16 662	19,9	14 392

Det er to alternativ som markerer eit område for rimeleg uvisse: I det låge alternativet reknar vi med ein jamn nedgang i overgangsprosentane i alle år (eksempel er vist i tabell 2, vedlegg). I det høge alternativet reknar vi med ein sterk auke i overgangsprosentane frå 2014 til 2018, for deretter å vera faste seinare (tabell 3, vedlegg).

Dessutan har vi tatt med to ekstreme alternativ: Alle tar ut pensjon så tidleg dei kan, eller ingen tar ut pensjon før ved 67 år.

**Figur 1. Utvikling i talet på alderspensjonistar (venstre akse) og utgifter til alderspension (høgre akse) 2006–2014 og framskriving til 2030**



Kjelder: NAV

## Moderat utgiftsvekst før 2011

Det var ein moderat vekst i både talet på alderspensjonistar og på utgiftene dei siste åra før 2011, i underkant av 1 prosent i året. Gjennomsnittleg pensjon auka med 1–2 prosent i året, og utgiftene i alt med om lag 2–3 prosent i året, rekna i 2014-kroner. Frå 2011 førte innføringa av fleksibel pensjonsalder frå 62 år til ein kraftig auke i både tal og utgifter. Samstundes kom dei store årskulla frå slutten av 1940-talet til. Dei som blei fødte i 1945 fylte 67 år i 2012. Vi ventar om lag ei dobling av talet på alderspensjonistar frå 2006 til 2030.

## Reforma gjev innsparing først frå 2020

For å kunna forstå effektane av reforma meir i detalj, har vi berekna separate utgiftseffektar av dei ulike regelendringane som kom med pensjonsreforma (sjå faktaboks for ein grundigare forklaring av dei ulike regelendringane):

- Innføring av fleksibel pensjonsalder frå 62 til 75 år
- Innføring av levealdersjustering
- Innføring av nye reglar for korleis alderspensjonen vert indeksert/regulert


Fleksibel pensjonsalder er på lang sikt utgiftsnøytral, men fører på kort sikt til meirutgifter på grunn av stort uttak før fylte 67 år. Rett nok får vi også innsparing ved at fleire tek ut pensjon seinare enn dei elles ville gjort, men denne er beskjeden.

Utgiftene til alderspensjonistar i alder 62–66 år ventast å auka frå 15,5 milliardar kroner i 2014 til omlag 18 milliardar i 2016 (figur 2). Deretter ventar vi ein moderat auke til omlag 20 milliardar kroner årleg frå 2020. Innsparingsverknaden av levealdersjustering og endra indeksering er beskjeden dei første åra, men aukar også etter at utgiftene til pensjonistar under 67 år har flata ut.

I 2015 reknar vi med at utgiftene til alderspensjonistar under 67 år blir om lag 17 milliardar kroner. Samstundes vil levealdersjusteringa og nye indekseringsreglar ha medført ei innsparing på 2 milliardar og 5 milliardar kroner, slik at meirutgiftene blir på om lag 10 milliardar kroner.

I 2020 har vi anslått utgiftene til pensjonistar under 67 år til knapt 20 milliardar, innsparinga ved levealdersjustering til vel 8 milliardar og nye indekse-

**Figur 2.** Årlege meir-/mindreutgifter til folketrygdas alderspension som følgje av pensjonsreforma, etter utgiftskomponent. Faktisk utvikling 2011–2014 og prognose 2015–2030 (hovudbane). Milliardar 2014-kroner




Kjelde: NAV

ringsreglar til 11 milliardar. Dei samla utgiftene blir dette året om lag som dei ville blitt med gammalt regelverk, for deretter å bli mindre enn ved gammalt regelverk i åra som følgjer. Med andre ord får vi innsparing i dei årlege utgiftene frå 2020. Dei samla

meir-/mindreutgiftene frå 2011 vil ifølgje hovudbana gå i null i 2027.


Desse anslaga stemmer godt med anslag frå Statistisk sentralbyrå (Fredriksen og Stølen 2014). Også dei anslår innsparing frå 2020.

**Figur 3.** Meir-/mindreutgifter som følgje av pensjonsreforma, etter modellalternativ. Milliardar 2014-kroner



Kjelde: NAV

**Figur 4.** Akkumulerte meir-/mindreutgifter som følgje av pensjonsreforma, etter modellalternativ Milliardar 2014-kroner



Kjeld: NAV


### Alternative modellar. Innsparinga kjem venteleg mellom 2019 og 2023

I hovudbana er prosentdelen (av dei som kan ta ut pensjon) som tar ut pensjon ved 62 år konstant over tid på om lag 40 prosent. Ved 66 år er prosentdelen

om lag 80 prosent frå 2016 (figur 6). Vi får her innsparing frå 2020 (figur 3).


Sidan levealderjusteringa fører til at det etter kvart blir mindre attraktivt å ta ut pensjon tidleg (fordi pensjonen ved gitt uttaksalder blir stadig lågare), er det

**Figur 5.** Talet på alderspensjonistar i alder 62–66 år, etter modellalternativ. Tusen personar




Kjeld: NAV

**Figur 6.** Prosentdelen med alderspensjon i alder 62–66 år av dei som kunne ta ut pensjon i 2014–2030, etter alder. Hovudbane



Kjelde: NAV

**Figur 7.** Prosentdel med alderspensjon i alder 62–66 år av dei som kunne ta ut pensjon i 2014–2030, etter alder. Lågt alternativ




Kjelde: NAV

rimeleg å venta at det etter kvart blir færre som tar ut pensjon før 67 år. Vi har teke omsyn til dette i det låge alternativet. I dette alternativet går prosentdelen som tar ut pensjon ved 62 år ned frå om lag 40 prosent i 2014 til under 20 prosent i 2030. Prosentdelen ved 66 år går ned frå 80 prosent i 2016 til om lag 50 prosent i 2030 (figur 7). I denne modellen kjem innsparinga som følgje av pensjonsreforma i 2019.


Prosentdelen som tar ut pensjon ved 62 år har til no auka år for år. I det høge alternativet lar vi denne auken halda fram nokre få år til, for så å la prosentdelane halda seg på dette nivået seinare. Prosentdelen ved 62 år aukar då til om lag 60 prosent i 2018. Frå 2018 vil i så fall nesten alle som har høve til det ha teke ut pensjon før fylte 67 år (figur 8). Innsparinga kjem her i 2023. Dei ekstreme modellane (namngitt som teoretisk maksimum og teoretisk minimum i figur 3) gjev tidsintervallet for når det er mogeleg å få innsparing. I følgje desse modellane kjem innsparinga ein gong mellom 2016 og 2024.

**Figur 8.** Prosentdel med alderspensjon i alder 62–66 år av dei som kunne ta ut pensjon i 2014–2030, etter alder. Høgt alternativ



Kjelde: NAV

**Figur 9.** Prosentdelen som ikkje har teke ut pensjon i alder 67–70 år



Kjelder: NAV

### Korleis kan talet på tidlegpensjonistar utvikla seg?

Ved utgangen av 2011, det året pensjonsreforma vart innført, var det knapt 36 000 alderspensjonistar under 67 år (figur 5). Talet auka til 57 000 i 2012, 70 000 i 2013 og 81 400 i 2014. Talet ventast å auka merkamt dei neste åra til om lag 92 000 alderspensjonistar i alder 62–66 år i 2016. Deretter reknar vi med ein moderat årleg auke. Den store auken dei fyrste åra kjem av utfasinga av AFP etter gamle reglar i privat sektor. 2010 var siste sjanse til uttak av gammal AFP, men det er først i løpet av 2015 at alle desse vil ha gått over på alderspensjon (frå dei fyller 67 år). I 2016 vil alle tidlegpensjonistar i privat sektor ha alderspensjon, eventuelt med tillegg av AFP etter nye reglar.

I 2014 hadde om lag 60 prosent av dei 62–66 åringane som kunne, teke ut alderspensjon. I hovudbana er det ein svak auke framover mot 2030 (figur 6). I låg-alternativet minkar prosentdelen til 30 i 2030 – ei halvering (Figur 7). I høgalternativet aukar prosentdelen til om lag 80. Prosentdelen som ikkje tek ut pensjon før ved 67 års alder vert då halvert frå 40 til 20 prosent (figur 8).

### Få tar ut alderspensjon seinare enn ved 67 år

Det nye regelverket gjev høve til å auka den årlege alderspensjonen ved å venta med uttaket til seinare enn ved 67 års alder. Ein del personar har nytta seg av dette, men nokså få i høve til alle som har teke ut pensjon før fylte 67 år. Prosentdelen 67-åringar som ikkje har teke ut pensjon auka frå om lag ein og ein halv prosent i 2009–2010 til om lag tre prosent i 2011 og seinare (figur 9). Også prosentdelen ikkje-pensjonerte 68–69-åringar ser ut til å stabilisera seg på eit høgare nivå. Det svarar til ein reduksjon i talet på alderspensjonistar over 67 år på om lag 1 600. Samanlikna med at det i 2013 var 70 000 som hadde teke ut alderspensjon før 67 år, er dette eit svært lågt tal.

Pensjonsreforma ser ut til å ha ført til at om lag 1 prosent fleire enn før har utsatt uttaket av alderspensjon til 68 år eller seinare. Vi ser førebels ikkje teikn til at prosentdelen som ikkje har teke ut pensjon held fram med å auka.

Det er på alle alderssteg over 67 år ein del personar som ikkje har alderspensjon. Frå 70 år gjeld dette



knapt ein halv prosent. Vi reknar med at dette gjeld innvandra personar som ikkje har lang nok butid i Noreg til å ha rett på alderspensjon.

## Avslutning

Eit overordna mål med pensjonsreforma var å gjera alderspensjonen bærekraftig, i møte med dei demografiske utfordringane den norske velferdsstaten har, ved at talet på alderspensjonistar aukar langt meir enn talet på personar i yrkesaktiv alder. At utgiftene til pensjon vil auka i takt med auka prosentdel eldre er sikkert. At pensjonsreforma vil føra til lågare utgifter på lang sikt enn dei ville blitt utan reform, er vel dokumentert, og ikkje emne for denne artikkelen.

Langt fleire har teke ut pensjon i alder 62–66 år enn venta, og meirutgiftene dei første åra blei dermed også langt høgare enn venta. Vi har freista talfesta korleis meirutgiftene vil bli dei komande åra, og når vi får lågare utgifter enn vi elles ville fått.

Vi har vist at meirutgiftene – som kjem av innføring av fleksibel pensjonsalder – vil ha nådd sitt høgste nivå i 2014 og 2015, for deretter å minka. Anslaga viser at vi uansett vil få innsparing som følgje av reforma, og det skjer med høgt sannsyn mellom 2019 og 2023, mest sannsynleg i 2020. Slår vi saman åra med meirutgifter og åra med innsparing, vil vi ifølgje hovudbana i våre anslag ha nådd innsparing samla sett frå 2027.

## Referansar

Amundsen, Iren, Espen Steinung Dahl og Oddbjørn Haga (2014) *Utvikling i alderspensjon pr. 30. september 2014*. Statistikknotat. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet. Tilgjengelig frå: [https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Statistikk/Pensjon+-+statistikk/Alderspension/\\_attachment/396983?\\_download=true&\\_ts=149a2fa0270](https://www.nav.no/no/NAV+og+samfunn/Statistikk/Pensjon+-+statistikk/Alderspension/_attachment/396983?_download=true&_ts=149a2fa0270) (henta: 10.1.2015).

Arbeidsdepartementet (2010) *Prop. 1 S (2010–2011)*. Proposisjon til Stortinget. Oslo: Arbeidsdepartementet

Fredriksen, D., T. Gunnes og N.M. Stølen (2008) «Oppdaterte framskrivingar av arbeidsstyrke, pensjonsutgifter og finansieringsbyrde.» *Økonomiske analyser 4/2008*, 36–43.

Fredriksen D og N.M. Stølen (2014) «Pensjonsreformen – stort omfang av tidliguttak øker pensjonsutgiftene på kort sikt», *Økonomiske analyser 6/2014*, 34–39.

Lien, Ole Christian (2009) «Pensjonsreforma 2011 – effektar de første ti årene», *Arbeid og velferd*, 1/2009, 25–36.

Lien, Ole Christian (2012) «Når bør man ta ut alderspensjon?». *Arbeid og velferd*, 1/2012, 62–72.

NOU (2004:1) *Modernisert folketrygd*. Oslo: Pensjonskommissjonen.

Tønnessen, Marianne, Astri Syse og Kjersti Nordgård Aase (2014) «Befolkningsframskrivinger 2014–2100: Hovedresultater». *Økonomiske analyser*, 4/2014, 30–36.

## Vedlegg

### Pensjonsreforma

Nytt regelverk blei hovudsakeleg innført med verknad frå 1.1.2011. Fødselskulla frå og med 1943 fekk fleksibel pensjoneringsalder mellom 62 og 75 år, og levealdersjustering av pensjonen basert på auken i levealder frå 1943-kullet og framover. Det blei òg innført ny indeksering av alderspensjon under utbetaling, der pensjonen kvart år aukar mindre enn den gjennomsnittlege lønsauken.

#### Levealdersjustering

Levealdersjustering syter for at den forventa samla pensjonen resten av levetida ikkje aukar dersom forventa levetid aukar. Levealdersjusteringa inneber dessutan at den samla pensjonen er uavhengig av uttaksalderen.

I gammel oppteningsmodell blir levealdersjustering gjort med forholdstalet. Basispensjonen er det pensjonen ville blitt i det gamle regelverket. Pensjon i nytt regelverk er basispensjonen dividert med forholdstalet. Forholdstalet er bestemt av årskull og avgangsalder.

Eksempel: For årskull 1950 er forholdstalet ved 62, 67 og 70 år 1,323, 1,036 og 0,868. For ein basispensjon lik 250 000 blir då pensjonen ved uttak i alder 67 år 250 000: 1,036=241 000. Ved uttak 62 år og 70 år blir pensjonen 189 000 eller 288 000.

I ny oppteningsmodell blir levealdersjusteringa gjort med delingstalet. Ei pensjonsbehaldning blir tent opp over dei yrkesaktive åra. Ved uttak av alderspensjon blir denne behaldninga dividert med delingstalet for å gi den årlege pensjonen.

#### Nye indekseringsreglar

Pensjonar under utbetaling blir til vanleg justert med verknad frå første mai. I det gamle regelverket blei pensjonane justert med den gjennomsnittlege inntektsveksten. I nytt regelverk blir pensjonane auka med gjennomsnittleg inntektsvekst, og deretter fråtrekt 0,75 prosent.

#### Overgangsreglar for ny oppteningsmodell

Personar fødde 1953 eller tidlegare får pensjonen opptent etter gammel oppteningsmodell. Det er overgangsordning for dei som er fødde 1954–1962. Dei får pensjonen berekna delvis etter gammel og delvis etter ny modell. Fødselskulla frå 1963 får pensjonen fullt ut berekna etter ny oppteningsmodell.

#### Gammal oppteningsmodell

I gammel oppteningsmodell består alderspensjonen av komponentane grunnpensjon, tilleggspensjon og særtillegg eller pensjonstillegg.

Grunnpensjonen er bestemt av trygdetid og sivilstand. Det blir kravd ei trygdetid på 40 år for full grunnpensjon. Den blir forholdsmessig redusert ved kortare trygdetid.

Tilleggspensjonen blir tent opp ved arbeid eller annen pensjonsopptening. Det kan tenast opp pensjonspoeng i alder 17 til 69 år (75 år frå 2010 og framover). Inntekt over folke-trygdas grunnbeløp gjer pensjonspoeng ved formelen  $(PI-G)/G$  der PI er pensjonsgivande inntekt og G er grunnbeløpet. Dette gjeld for inntekt inntil 6 G. Eventuell inntekt over 6 G tel berre med ein tredel. Ein får ikkje pensjonsopptening for inntekt over 12 G.

Tilleggspensjonen vart rekna ut som pensjonsprosent x slutt-poengtal x poengår/40 x grunnbeløpet. Pensjonsprosenten er 42 for inntekt frå og med 1992. Om ein òg har inntektsår før 1992, er pensjonsprosenten mellom 42 og 45 prosent, avhengig av talet på inntektsår før og etter 1992. Sluttpoengtalet er gjennomsnittet av dei inntil 20 høgaste pensjonspoenga. Poengår er talet på år med opptening av pensjonspoeng. Det kan vera høgst 40 år.

#### Ny oppteningsmodell

I ny oppteningsmodell har alderspensjonen to hovudkomponentar: Inntektpensjon og garantipensjon. Inntektpensjonen er bestemt av inntekt over livsløpet. Inntekt i alder 13–75 år tel med (frå 17 år før 2010). Ei pensjonsbehaldning blir bygd opp ved godskriving av 18,1 prosent av den årlege inntekta inntil 7,1 gonger grunnbeløpet. Ved uttak av pensjon blir inntektpensjonen sett lik pensjonsbehaldninga dividert med delingstalet. Delingstalet er hovudsakeleg bestemt av forventa attståande levetid, men det er også teke omsyn til at pensjon under utbetaling blir regulert lågare enn lønnsutviklinga, slik at forventa utbetalt pensjon resten av levetida blir lik pensjonsbehaldninga.

Garantipensjonen skal sikra at den samla pensjonen kjem over minste pensjonsnivå. Dessutan er det ordna slik at det alltid svarar seg å arbeida. Garantipensjonen blir ikkje fullt ut avkorta mot inntektpensjonen.

**Tabell 2. Overgangsprosentar. Lågt anslag**

	2014	2018	2020	2025	2030
Kvinner					
62	27,4	21,4	18,9	13,9	10,2
63	15,6	12,2	10,8	7,9	5,8
64	12,9	10,1	8,9	6,5	4,8
65	15,7	12,3	10,8	8,0	5,8
66	13,9	10,9	9,6	7,0	5,2
Menn					
62	52,2	40,7	36,0	26,4	19,4
63	28,1	21,9	19,4	14,2	10,4
64	18,5	14,4	12,8	9,4	6,9
65	22,9	17,9	15,8	11,6	8,5
66	19,9	15,5	13,7	10,1	7,4

**Tabell 3. Overgangsprosentar. Høgt anslag**

	2014	2016	2018 og seinare
Kvinner			
62	28,2	39,2	48,5
63	16,1	29,0	39,9
64	13,3	26,6	37,9
65	16,2	29,0	39,9
66	14,3	27,5	38,6
Menn			
62	53,7	60,8	66,8
63	28,9	39,8	49,1
64	19,0	31,5	42,0
65	23,6	35,3	45,3
66	20,5	32,7	43,0